



Knut Willie Jacobsen  
Lurevegen 304  
5912 SEIM

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 17/2260 - 17/14621

Saksbehandlar:  
Stian Marøy  
Stian.Maroy@radoy.kommune.no

Dato:  
27.11.2017

## Byggesak Gbnr 43/39 Toska - tilbygg og altan - mellombels svar

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 14.11.2017.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Jamfør arealdel av kommuneplan for Radøy 2011-23 er eigedomen i eit område berekna for landbruk, natur og friluft. Ved søknad om tiltak på einebustad som ikkje er våningshus for drift i landbruk må det søkjast dispensasjon frå arealføremål LNF-område.
2. Det må framleggast dokumentasjon på lovleg kjørbar tilkomst til eigedom.
3. Jamfør opplysningar henta på [www.septik24.no](http://www.septik24.no) er det i tilknytning til bustaden ein slamavskiljar med tankvolum på 2 m<sup>3</sup>. Noverande situasjon for utslepp må beskrivast, antas ikkje å vera i tråd med dagens forskrift.
4. Det må i opplysningar om tiltaket sine ytre rammer framkoma berekna grad av utnytting i prosent. Det merkes at det er beskrive 30 m<sup>2</sup> til parkering. Kommuneplan punkt 2.7.2 stiller krav til minst 2 parkeringsplasser, vegleiing til TEK17( grad av utnytting § 5-7) beskriv minst 18 m<sup>2</sup> pr. parkering. Det må derfor reknas 36 m<sup>2</sup> ved berekning av BYA.
5. Det må i opplysningar om tiltaket sine ytre rammer framkoma areal for alle tiltaka (altan og bad/gang).
6. Det merkast at det i søknad er kryssa av for at vilkåra for 3 veker saksbehandling er tilfredsstilt. Då det er søkt om rammeløyve og dispensasjon er det for begge desse 12 veker behandlingstid (pbl § 21-7) frå søknaden er komplett, fristen løpar ikkje i den tida søknaden ligger til uttale hos regionale og statlige myndigheter, jf. Pbl § 19-1.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 31.12.2017. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Stian Marøy  
ingeniør/byggjesakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Torbjørn Paul Strandborg	Morviklien 26	5124	MORVIK
--------------------------	---------------	------	--------

### **Mottakarar:**

Knut Willie Jacobsen	Lurevegen 304	5912	SEIM
----------------------	---------------	------	------